



Til

Linn Kristin Bore, FAU-leiar
Pål Undheim, politiskar Time kommune
Solbjørg Holen, representant for lærarane, forfall
Margrethe Hauge, tillitsvalt, forfall, vara: Sverre Thomassen
Iselin Stangeland, SFO-leiar
Kenneth Terjesen, foreldrerepresentant SFO
Lilly Zeeh, elevrådsleiar
Hedda Finnbakk, nestleiar elevråd
Even Årland, elevrådsrepresentant 5.trinn, forfall
Elias Ulvøy Mæland, elevrådsrepresentant 4.trinn

Referat frå SU/SMU måndag 12.desember på Lye skule

Sak 1 Høyring på forslag til skuleruta for skuleåret 2023-2024

Ingen forslag til endring. Skuleruta er ok.

Sak 2 Av og påstigningsplass ift levering. Tilbakemelding frå politiskar

ASplan Viak, konsulentfirma innan plan og arkitektur har vore å sett på området. Det ligger kommunen sine planer å byggje ut eit bustadfelt på andre sida av vegen (ved butikken). I den samanheng skal det byggast undergang. Dei vil sjå dette arbeidet i samanheng med av- og på stigningsplass for skulen.

Sak 3 Informasjon om utvida opningstid på SFO

Foreldre har kome med ønskje om utvida opningstid på SFO. I dag har alle SFO'ane i Time kommune same opningstid, frå kl 07.15 – 16.00 måndag til fredag. Det har kome ønskje å opne kl 07.00.

SFO-leiar vil sende ut ei undersøking for å kartleggje behov. Det kan vera aktuelt å opne frå kl.07.00 etter vinterferien.

Sak 4 Elevane fortel om læringsmiljøet på skulen, kva som er bra og kva som kan bli betre

- Kjekt med «annerledes – dager» som nissemarsj, aktivitetsdag, tverrfagleg tema dager, uteskule og liknande.
- Kjekt når me lager ting til å ta med heim, gode minner
- Leirskule og andre ekskursjonar er bra
- Positive tilbakemeldingar frå lærar er motiverande
- Varierte oppgåver er bra
- Kan gjerne ha meir fokus på naturfagsoppgåver når me er på uteskule

Sak 5 Eventuelt

Rektor informerte om at Lye og Undheim skule har hatt dialog om korleis me kan leggje til rette for at elevane kan bli betre kjent før dei begynner på ungdomskulen. Eit av tiltaka er at ein vil leggje opp til at Lye og Undheim reiser på leirskule saman på 6.trinn.

Det kom forslag om at kanskje 7.trinn ved Undheim kan nytte skulebussen til Lye og t.d. ha felles uteskule eller aktivitetsdag i løpet av våren.

Undheim blir invitert til diskotek som foreldre arrangerer på fritidsklubben.

Idrettslaget på Lye og Undheim har inngått eit samarbeid.

Mvh
Sigrid Kjetland
rektor



Time kommune

Postboks 38 • 4349 Bryne • Tlf. 51 77 60 00 • www.time.kommune.no